

Mobbing bryt med grunnleggjande reglar for samspel mellom menneske. Vaksengenerasjonen sviktar når barn må gå vennelaus gjennom skulen.

Eit kollektivt svik

MOBBING

Mona Elin Solberg
forskar Uni helse,
Regionalt kunnskaps-
senter for barn og unge
(RKBU Vest)



Fråverande og likegyldige vaksne gjev aggressive barn eit større handlingsrom som dei kan bruke til å plage andre. Grunnleggjande reglar for samspel, respekt og omtanke for andre kjem ikkje av seg sjølv.

Få venner

Det har lenge vore kjent at mobbing er eit problem som påverkar helsa til barn og unge. Angst, depresjon og dårleg sjølv-tillit er berre nokre av dei godt dokumenterte følgjene av å bli mobba. I tillegg til dei psykiske helseplagene er det også vist at mobbing påverkar det sosiale livet til barn og unge. Mobbeofferer føler seg einsame og har få venner. Dette har vi fått tydelege eksempel på i BT sine reportasjar den seinare tida.

Mobbarar derimot er vanlegvis ikkje einsame. Samanlikna med mobbeofferer har dei både fleire vener og føler seg betre integrert blant jamaldringar. Mobbarar opererer ofte i grupper der ein av dei har rolla som leiar og resten av gruppa er medhjelparar eller assistentar.

Ifølgje mobbeundersøkingane i norske grunnskular, gjennomført av Uni Helse i Bergen, er om lag 15 prosent av elevane i 4.–10. klasse innblanda i mobbing minst to gonger i månaden. Sjølv om altså det store fleirtalet av elevane, om lag 85 prosent, ikkje er direkte involverte i mobbing, bør likevel arbeidet mot mobbing rette seg mot alle elvane på skulen. Kvifor?

Mobbing smittar

Mobbing er «smittsam» og kan forpste skulemiljøet. Om mobbing får utfalde seg fritt utan at vaksne grip inn, er det ei rekke uheldige gruppemekanismer som blir sett i sving. Andre elevar byrjar å ta etter mobbaren og vanlege hemmingar mot aggresjon blir redusert. Når fleire elevar mobbar den same eleven minskar skuldskjensla og det individuelle ansvaret. Over tid skjer det ei gradvis endring i synet på den mobba eleven. Han eller ho blir sett ned på og da blir det meir legitimt å plage eller oversjå vedkomande. Etter kvart vil den eller dei som mobbar møte lite motstand frå jamaldringar og det er få eller ingen som støttar den mobba eleven. Til slutt kan også veltilpassa og vanlegvis sosialt kompetente elevar snu ryggen til offeret. Dette er harde bod for den som blir mobba. Kven kan ha rygg til å bere slikt?

Mobbarar har makt

Mobbing er aggressiv åtferd – det vil seie åtferd som har som føremål å påføre ein annan person fysisk eller psykisk ube-



MOBBING: Mobbeofferer føler seg einsame og har få venner. Angst, depresjon og dårleg sjølv-tillit er berre nokre av dei godt dokumenterte følgjene av å bli mobba, skriv Mona Elin Solberg.

ILLUSTRASJONSFOTO: COLOURBOX

hag eller smerte. I den allment aksepterte definisjonen av mobbing høyrer det også med at dei aggressive handlingane gjentek seg over tid og at det er vanskelig for offeret å forsvare seg. Relasjonen mellom mobbar og offer er altså kjenneteikna av ubalanse i makt og kontroll. Mobbaren utnyttar makta si til å såre eller plage offeret ved hjelp av negative ord og kommentarar, baksnakking, utestenging frå jamaldringsgruppa eller fysiske angrep. Blant gutar er det vanleg at mobbaren er fysisk sterkare enn offeret, men ubalanse i makt kan også skuldast eit psykologisk overtak eller at det er fleire elevar som er saman om mobbinga.

Men mobbaren si makt omfattar ikkje berre offeret. Også andre i klassen kan vere redde for mobbaren. Det kan få negative konsekvensar for dei elevane som prøver å gå i mot mobbaren. I verste fall kan dei bli dei neste offera. Ikkje minst usikre elevar vil ha problem med å ta avstand frå mobbaren sine aggressive handlingar og å vise open støtte til mobbeofferet. Å etablere vennskap med elevar som blir mobba kan også vere risikofyllt og farleg for

eigen tryggleik. Diverre viser undersøkingar at det er få elevar som forsvarar eller prøver å hjelpe mobbeofferer. Dei få som gjer det, er ressurssterke barn og unge som er trygge på seg sjølve, godt likte og sett opp til av mange i klassen.

Populære mobbarar

Makta mobbarar har over andre treng ikkje vere basert på frykt. Popularitet er ei anna kjelde til makt. I ein studie av barnehagebarn kom det fram at fleire av mobbarane hadde gode leiaregenskapar.

Dei var oppfinnsame i leiken og populære å vere i lag med. Studia av større barn tyder også på at ein del mobbarar har god innsikt i det sosiale livet og dei mellommenneskelege relasjonane. Dei oppdagar sårbarare sider hos andre og utnyttar det i mobbinga. Det er stor fare for å oversjå mobbing dersom ein trur at alle mobbarar er usympatiske, har lav sosial kompetanse eller tydelege åtferdsvanskar. Smarte mobbarar kan påføre andre barn både smerte og sorg, men det er ofte gjort på ein slik måte at lærarar og andre vaksne ikkje oppdagar det.

I ein ny finsk studie er det

funne meir mobbing i skuleklassar der mobbarane er populære. Foreldre og lærarar har difor ei stor utfordring i å hindre at mobbarar får leiarstatus og kan utøve ein negativ dominans over elevgruppa.

Tilskodarane

For ein del mobbarar er status og popularitet hos jamaldringar ei viktig drivkraft bak mobbinga. Skal ein vise seg fram som sterk og modig, er det eit poeng i seg sjølv å mobbe når andre elevar er til stades.

Dei som er vitne til mobbing har ulike reaksjonsmåtar. For det første er det ein del elevar som signaliserer open støtte til mobbarane ved å le og stimle seg rundt for å sjå på mobbinga. Dei heller dermed bensin på bålet og mobbarane vert oppmuntra til å fortsetje med plaginga. For det andre er det elevar som berre står og ser på mobbinga utan å vise open støtte til korpje mobbaren eller offeret. Likegyldige reaksjonar frå dei som ser på, vil aggressive elevar kunne tolke som aksept eller støtte for det dei gjer. Også for den som blir mobba er det lett å tenkje at dei passive elevane er på parti med mobbaren. Men undersøkingar viser at ein del av dei passive tilskodarane opplever eit dilemma

i slike situasjonar. Dei synest at dei burde ha hjulpet offeret, men gjer det ikkje.

Skal ein undergrave mobbarane si makt er det viktig å ansvarleggjere dei passive tilskodarane. Det gjeld også dei elevane som snur ryggen til og fortset med sitt som om ingenting har hendt. I dette haldningsarbeidet er foreldre og lærarar like viktige.

Sviket

Det sosiale livet i skulen er ingen amerikansk B-film der skurkar, heldar og uskuldirge offer er klart definerte for alle som ser på. Barn kan trenge hjelp til å bli bevisst si eiga rolle i konkrete situasjonar der medelevar blir utsette for aggressive handlingar. Det trengst også vaksne blikk for å avsløre hersketechnikane til populære mobbarar.

Mobbing bryt med grunnleggjande reglar for samspel mellom menneske. Å ha vener eller å høyre til ei gruppe er djupt forankra i oss alle. Mobbing hindrar barn og unge i å få tilfredsstillt sine mest grunnleggjande behov for vennskap, nærleik og støtte frå jamaldringar. Der er eit kollektivt svik av vaksengenerasjonen når barn må gå engsteleg og vennelaus gjennom grunnskulen.